



Leikanger kommune
Skrivarvegen 7

6863 LEIKANGER

Vår ref.
13/47-1

Dykkar ref.

Sakshandsamar:
Thomas Gjertsen

Tilsynsrapport

Saften

Sogn Brann og Redning IKS gjennomførte branntilsyn den 22.05.2013 i overnemnde objekt. Tilsynet vart gjort etter Lov av 14. juni 2002 nr. 20 (brann- og eksplosjonsvernloven) § 13 annet ledd og Forskrift av 26. juni 2002 nr. 847 (forebyggendeforskriften) § 6-2.

Tryggleiksnivået i objektet er vurdert i høve til krava i Forebyggendeforskriften og HMS-lovgivningen.

Til stades ved tilsynet:

Brannvernleiar for leikanger:	Svein Røysum
For Leikanger kommune:	Ervin Beheim
For Sogn Avis	John Husabø
For brannvesenet:	Audun Torvaldsen og Thomas Gjertsen

Innleiing

Føremålet med tilsynet var å vurdere om eigar/verksemd/brukar ved objektet arbeider systematisk med branntryggleiken. Frå brannvesenet vart det lagt vekt på å gjere ei heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke at brann bryt ut, og konsekvensar av brann. Eit slikt tilsyn er ikkje ein tilstandsrapport for objektet.

Tilsynet omfattar mellom anna granskning av:

- ◆ at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann
- ◆ at brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for rednings- og slökkjeinnsats
- ◆ at internkontrollen i verksemda er føremålstenleg for å nå mål på tryggleiksområdet
- ◆ at spesifiserte aktivitetar vert etterlevd slik som forklart

Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av tidlegare tilsynsrapportar, internkontrollrutinar, brannteknisk dokumentasjon og teikningar. Deretter vart det gjort ein stikkprøvekontroll på objektet, og intervju for å verifisere at krav er oppfylt.

Generelt

Kort forklaring av bygning/verksemd:

- ◆ Saften består av 3 eigarar: Saften AS, Leikanger kommune og..... Bygget består av butikkar, kontor og idrettshall. Bygget har 4 etasjar og 7 500 kvm.

Definisjonar:

AVVIK:

- ◆ Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen.

MERKNAD:

- ◆ Forhold som tilsynsmyndighetene meiner det er riktig å påpeike for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

KOMMENTARAR:

- ◆ Utfyllande forklaring av avvik/funn som framstiller dei faktiske forhold ved objektet.

Avvik

Følgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

Avvik 1

Manglande dokumentasjon på organisering av brannvernarbeidet.

Avvik frå

Forebyggendeforskriften § 2-1, 2-2 og 3-1 og Internkontrollforskriften § 5, 2. ledd punkt 5

Kommentarar:

Det er fleire verksemdar som har bruksrett og/eller er eigarar av deler av bygningen. Det ligg ikkje føre dokumenterte samarbeidsordningar i høve til bruken av bygget.

Eigar må utarbeide og setje i verk samarbeidsordningar mellom eigar og verksemd/brukar. Samarbeidsordninga må dokumenterast.

Avvik 2

Manglande brannvern leiar ved verksemda/objektet.

Avvik frå

Forebyggendeforskriften § 3-2 og Internkontrollforskriften § 5, 2. ledd punkt 5

Kommentarar:

For eitkvart særskilt brannobjekt skal det være utpeikt ein brannvernleiar som ivareteke brannvernet. I dette tilfelle var det kun utpekt ein brannvernleiar for delar av bygget. Brannvernleiar skal delta på varsla tilsyn og ha tilstrekkeleg kunnskap om brannvernlova. Det kom fram under tilsynet at eigar av objektet ikkje har utpeikt ein brannvernleiar.

Brannvernleiar må utpeikast omgåande.

Avvik 3

Manglande rutine for kontroll utført av sakkyndig personell.

Avvik frå

Forebyggendeforskriften § 2-1 og 2-4 og Internkontrollforskriften § 5, 2. ledd punkt 7

Kommentarar:

Under tilsynet blei det avdekka at eigar ikkje har sett til at kvalifisert personell føretek jamleg kontroll, ettersyn og vedlikehald av branntekniske installasjonar. Det var kontroll på sprinkel og slukkeutstyr.

System for å ivareta kontroll og service må setjast i verk.

Avvik 4

Manglande risikoanalyse.

Avvik frå

Forebyggendeforskriften § 3-1, 3-4 og 3-6 og Internkontrollforskriften § 5, 2. ledd punkt 6

Kommentarar:

Det er ikkje gjennomført risikoanalyse for bruken av bygget.

Risikoanalysen skal være ein systematisk gjennomgang av uønskete hendingar som kan inntreffe, for å kartlegge fare og problemområde .

Med bakgrunn i denne gjennomgangen, skal dei ulike risikoane vurderast, og tilhøyrande planar og instruksar utarbeidast.

Det må utarbeidast ein fullstendig risikoanalyse som ivareteke alle problemområda i høve til brann ved verksemda.

Avvik 5

Mangelfull bygningsteknisk dokumentasjon

Avvik frå:

Forebyggendeforskriften § 2-1

Kommentarar:

Det ligg ikkje føre skildring av føresetnader og avgrensingar til byggverket, overført frå byggjefasen. Det kunne berre viast på idrettshallen. Eit brann teknisk konsept må utarbeidast for heile bygget.

Oppsummering/avsluttande møte

På oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvika og merknadene gjennomgått.

Det var semje om at eigar/verksemd/brukar finn løysingar for å rette opp avvika og merknadane som er angitt i rapporten.

Tilbakemelding

Med visning til Forebyggendeforskriften § 6-2 første ledd, ber brannvesenet om ei skriftleg tilbakemelding med framdriftsplan som viser korleis og når påpeika avvik vil verte retta. Framdriftsplanen skal sendast til Sogn Brann og Redning IKS innan 01.07.2013.

Sogndal, 23.05.2013

Med venleg helsing

Sogn brann og redning IKS

Thomas Gjertsen

Thomas Gjertsen

branningeniør/inspektør

Tlf: 47 65 44 16